

**MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE**

Sak nr: 45/2006

Møtedato: 20.09.06

Arkiv nr:

**Endring av stølsforskriftene - høring**

Endring av stølsforskriftene er sendt ut til høring. Endringane og kommentarane byggjer i det alt vesentlige på ei innstilling frå ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Fjellstyresambandet, Statskog SF og Statens landbruksforvaltning.

Det er foreslege slik endring i forskriftsteksten (*ny tekst er understreka og tekst som går ut er overstreka*):

§ 3: Mindre endring i ordlyd.

*Statskog gjer vedtak tek avgjerd om at seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus om ikkje utvisinga vert ført over til annan eigedom i samsvar med fjellova § 20 første stykket eller § 21 første stykket og den nye brukaren tek over husa.*

§ 4: Mindre endring i ordlyd.

*Vert setervollen hausta, eller er han gjerda inn og vert nytta til beite av seterbrukaren garden setra tilligger, reknar ein setra for å vere «i bruk» i høve til § 22 i fjellova.*

§ 6: Ein setning går ut.

~~*Anten søknaden gjeld nydyrking eller kulturbeite skal kommunen taka stilling til om løyve til omdisponering er nødvendig etter skogbrukslova § 50, og i tilfelle om slikt løyve kan gjevast.*~~

§ 14: Statskog og fjellstyret blir likestilt ved behandling ved byggesøknad for stolar som ikkje er i bruk. *Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog og fjellstyret utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn.*

§ 16: Nytt punkt om at det kan opprettast feste på stolar som har falle i det fri. Oppretting av feste var tidlegare berre tillete når seterretten fell bort av di drifta på garden er lagt ned og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, eller av di ein ikkje kan rekne garden som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre stykket i lova. No er det foreslege at det er nok at stølen ikkje har vore i bruk i ei periode på 20 år.

*Vert seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til eit anna gardsbruk, kan Statskog gje seterbrukaren løyve til å ha husa ståande utan vederlag til bruk for seg og huslyden dersom fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under garden og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.*

*Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett vert rekna like med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten.*

*§ 20 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for løyve etter fyrste stykket.*

*Er det ikkje aktuelt med løyve etter fyrste stykket eller utvisning etter §15 i denne forskrifta kan fjellstyret gjere vedtak om å vise den tidlegare seterbrukaren til å søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa. §§ 17 og 20 gjeld tilsvarande for slike fester. Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om korkje utvisning, løyve eller feste er aktuelt.*

§ 19: Nytt punkt b om at stølshusa kan førast over til eigar med bruksrett og som kan søkje feste for tomt av seterhusa.

*Når seterretten fell bort av di drifta på garden er lagt ned og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, eller av di ein ikkje kan rekne garden som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre stykket i lova, skal fjellstyret gjere vedtak om*

*a. at setra skal visast ut til gardsbruk i drift som treng seter, jf. §§ 1 og 2, eller*

*b. at seterbrukaren kan føre seterhusa over til ein annan eigar av eigedom med bruksrett, som kan søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa eller*

*c. å vise den tidlegare seterbrukaren til sjølv å søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa til fritidsføremål, eller*

*d. at seterbrukaren fjernar husa om korkje overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.*

*Vert setra vist ut til eit anna bruk, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.*

*§ 17 gjeld tilsvarande for festekontrakt oppretta etter fyrste stykket bokstad b.*

§ 22 Mindre endring i ordlyd.

*Med samtykke frå Statskog og fjellstyret kan brukaren byggje om eller reie om uthus til bustad eller for utleige når det ikkje er aktuelt å ta opp at bruken av husa til det føremålet dei tidlegare har tont seterformål og endringa av bruken ikkje vil vere ei hindring for seterdrifta på denne eller andre setrer.*

Det er i tillegg gjort endringar i kommentarane. Dette gjeld spesielt § 1 om utvida grunnlag for utvisning av støl.

## Vedtak:

Vestre Slidre statsallmenning er det mest intakte område for stølsdrift i heile landet. Vestre Slidre har ca 15 % av alle stølane i statsallmenningane. Vidare har vi ca 30 % av alle stølane med mjølkeproduksjon i statsallmenningane (tala er basert på rapport frå arbeidsgruppa for stølsforskrifta). Dei siste åra har prosentdelen av mjølkeprodusentane som nyttar stølane auka og er no på 95,5 %! For Vestre Slidre er det derfor viktig at stølsforskrifta som er på høring blir tilpassa det aktive stølsbruket vi har.

Fjellstyret meiner vidare at det er ein stor svakheit at ikkje heile stølsforskrifta er oppe til revidering. Ein tenkjer då spesielt på at tilleggsjord ikkje er tema høringa. Fjellstyret ber derfor om at dette blir teke inn som ein del av prosessen og at gjennomføring av ny stølsforskrift blir utsett inntil dette er gjort.

Bruksretten skal etter fjellova § 2 unne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva. Utøving av bruksretten skal derfor kunne variere over tid og variere mellom allmenningane, ut frå lokale tilhøve og praksis. Det vil ikkje alltid vera samsvar med generelle reglar som skal passe heile landet og rasjonell bruk vurdert ut frå lokale tilhøve og praksis. Kommentaranane må derfor berre oppfattast som rådgjevande og det er viktig at fjellstyra vurderar lov og forskrift sjølvstendig ut frå kva som er rasjonell bruk og etter tida og tilhøva jf. §2 i lova.

§1: Etter § 2 i lova kan rett som er knytt til jordbrukseigedom berre utnyttast så langt det skjer i tilknytning til drifta av eigedom som jordbruk, og så lenge eigedom vert driven som jordbruk. Tidlegare var det nødvendig å regulere bruken strengt grunna stort press på ressursane i allmenningane. Det motsette er tilfelle i dei fleste allmenningane i dag. For å oppretthalde det viktige og særprega stølslandskapet er det rett og nødvendig å opne opp på den strenge reguleringa. Det er viktig at dette blir gjort på ein måte som tenar stølsbruket og at det er i samsvar med fjellova.

Kommentaren til forskrifta legg opp til turistretta verksemd kan vera ein del av grunnlaget for å få vist ut støl. Turisme er ikkje å rekne som jordbruksdrift jf. § 2 i fjellova. Etter fjellstyret sitt syn er det ikkje rettsgrunnlag for å tillate oppsetting av f.eks. utleigehus etter § 2. Fjellstyret er ikkje samd i at turisme kan bli ein del av grunnlaget for å få vist ut støl. Fjellstyret har ingen merknader til småskala turisme på stølane, men det må skje innanfor rammene for jordbruksdrifta. Utviding av grunnlaget for å få vist ut støl må skje innanfor andre driftsformer i jordbruket. Langt strengare forskrifter for tilsyn av dyr på beite gjer det nødvendig å vera tilstades på stølen i større grad enn tidlegare. Utvisning av støl til drift med til f.eks. ammekyr er derfor aktuell utan at det skal vera krav om turisme i tillegg.

Fjellstyret meiner det bør vera forskjell på å få vist ut ny støl og å få ta opp att drift på støl som har falle i det fri. Stølane som har falle i det fri har husa som oftast ståande med erklæring. Det er ikkje noko inngrep om dei får gjerde inn stølsvollen som tidlegare har vore i bruk. Dette vil vera med styrke grunnlaget for jordbruksdrift på garden. Det vil også vera i samsvar med interessa for å ivareta det viktige stølslandskapet. Faren for å etabler stølsdrift for å få hus til fritidsformål er ikkje til stades då det alt står hus med erklæring. Fjellstyret meiner derfor at det bør bli lettare å ta i bruk att stølar som har erklæring på stølshusa. Dette kan fjellstyret tillate utan endring av forskrift, men det kan markerast i kommentar.

§ 16: Fjellstyret går sterk mot at det kan opprettast feste på stølshusa før bruksretten til garden fell bort. Det har vore vanleg praksis å skrive ut erklæring på stølshusa knytt til garden når stølen fell i det fri etter § 22 i lova. Om det i ei periode ikkje er aktiv drift på stølen, må det vera høve for at neste generasjon å ta stølen i bruk att. Fjellstyret viser her og til merknad under § 1. Etablering av hyttefeste på støl som har falle i det fri vil utlukke at ein kan ta opp att stølsdrifta seinare. Vi har fleire eksempel på at drifta ha lege nede på stølen i ei periode og at stølsdrifta seinare er etablert på nytt. Verdien av omsetteleg feste kan i våre område vera langt over ein million kroner. Regel om å få etablere feste på stølshusa kan faktisk blir drivkraft for å leggja ned stølsdrifta. Både frå LMD og andre blir det sett inn verkemiddel for oppretthalde stølsdrift. Det er derfor uheldig at departementet ynskjer å endre forskrift som i praksis fører til nedlegging av stølsbruk.

§19: Det er uakseptabelt å blande saman feste med stølsrett. Dette er dessverre tidlegare gjort i Vestre Slidre. Vi har i ettertid oppdaga at garden er overført til ny eigar medan festet ikkje blir overført. Dette fører med seg unødvendig konflikt som må rettast opp i ettertid. Fjellstyret har ingen merknader til at stølshus kan førast over til ein annan stølsbrukar. Ved overføring av stølshus til ein annan stølsbrukar må husa gå inn som ein del av stølsbebyggelsen til garden utan oppretting av festekontrakt.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.10.06

Harald Rånum  
sekretær

Utskrift Norges fjellstyresamband  
Landbruks- og matdepartementet